

**Fra:** Lin Tove Thomassen  
**Sendt:** 2. oktober 2014 00:10  
**Til:** Sveinung Kvamme  
**Emne:** Tertialrapport kultur- og sørvistorget

### **Tertialrapport kultur- og sørvistorget**

#### **Ansvar 1053 – kommunestyre- og stortingsval**

Utgifter i samband med møter i valforum er hovudårsaka til at det er registrert utgifter på 1053. Dette vert refundert av valforum.

#### **Ansvar 3201 – Eldreråd – 130 %**

Det er eit meirforbruk på godtjersle enn forventa. Dette må vi sjekke opp i kva som er årsaka.

#### **Ansvar 1001 – kultur og sørvistorg – 117 %**

Konto for fast løn har eit overforbruk. Dette er fordi det ikkje vart sett av nok midlar til å løna dei faste tilsette i 2014. Det vil vere behov for tilføring av midlar for å dekke lønsutgifter til dei fast tilsette i 2014.

Vi måtte også ha ekstrahjelp januar og februar for å få på plass fullelektronisk arkiv. Refusjon sjukepengar skulle dekke dette beløpet. Beløpet på refusjon sjukepengar er mindre enn forventa. Reknar derfor med at dette beløpet vil auka i neste periode, at det er eit etterskot på utbetaling frå NAV.

Konto for frankering og frimerke har eit overforbruk. Med overgang til elektroniske politiske møte og fullelektronisk arkiv er det skuffande at vi aukar og ikkje reduserer desse utgiftene. Hovudtypen av brev som vert sendt i post og utgiftsført 1001 er lønsslipp og faktura. Ved skifte av økonomisystem har det vore nødvendig å sende desse pr post.

Det er kontoar på 1001 som har blitt belasta for fakturaer som skal splittast opp og belastast einingar. Dette gjeld kurs, fasttelefon, annonse. Slik det ser ut no viser desse kontoane eit overforbruk.

Mange av kontoane som høyrer under 1001 har eit overforbruk. Kontoane ligg utanfor det som høyrer til KST sine oppgåver og heng igjen hjå oss sidan 1001 var felles fram til april 2014. Ber økonomisjefen om å sjekke ut korleis desse beløpa skal dekkast.

Depotavgift og tenester frå Interkommunalt arkiv høyrer til på 1001. Her mangla det 20 000 for å dekke utgiftene.

#### **Ansvar 1500 – administrasjon kultur. 107 %**

Lønsutgiftene er noko høgare enn budsjettet, dette vil fortsetje ut året.

#### **Ansvar 1520 – kulturvern -11 %**

Utbetalingar til organisasjoner/ innbyggjarar som har fått tilskot til kulturminnevern vil bli gjort på slutten av året.

#### **Ansvar 1521 – bygdebok – 64 %**

1521 ligg i utgangspunktet under investeringar. Eg treng kunnskaper om kvifor deler av dette ligg under driftsrekneskapen. Utgiftene er under det som er forventa brukt i denne perioden. Prosjektet er i rute og det ser ut til at vi vil halde oss innanfor budsjetttramma.

**Ansvar 1540 Idrett - 17 %**

Utbetalingar til idrettslag vert gjort no i haust.

**Ansvar 1550 – kulturarbeid -59 %**

Det meste som er utgiftsført på denne konto fram til no, er utgifter i samband med jubileumsfeiringar. Utgiftene skal dekkast av jubileumsfondet, slik at det er nok midlar til å betale ut kulturmidlar til lag og org. i haust. Det er særskilt lite midlar igjen til andre søknader om tilskot, kultur og ikke kultur.

Med helsing

Lin Tove Thomassen

Leiar kultur- og sørvistorget

Tlf: 56 34 90 11

Kultur- og sørvistorget: opningstider man-fre mellom kl 8.30- 15.00.

Informasjon, dagleg drift av arkivet for rådhuset, skular og barnehagar, postføring, kultur, heimesider, turistkontor, tenester for innbyggjarar og besøkande.

[Velkommen til Radøy](#)

[www.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no)

